



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Utdanningsavdelinga

Vår ref.: 2004/1417
Arkivnr.: 008

Dykkar ref:
Vår dato : 15.03.2004

Kirke- og kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo

Høyringsfråsegn - omdanning av Norsk språkråd

Vi viser til høyringsbrev av 20.01.04.

Fylkesmannen i Rogaland har slike merknader og framlegg:

På bakgrunn av den faglege debatten om "språkdaude", jf. Sylfest Lomheim sin artikkel i Dagbladet 10.03.04, må det etter Fylkesmannen i Rogaland si vurdering vera ei overordna oppgave for det nye språkkompetansesenteret å utforma ein "overlevingsstrategi" for norsk språk.

Vi er inne i ei tid der globaliseringa kan gi ulike utslag - behov for identitet og tilhøyrsløse kan gi auka medvit for lokal forankring, eller vi kan forkasta særpreget vårt og tilpassa oss impulsar frå omverda i endå sterkare grad. Ein overlevingsstrategi må ta utgangspunkt i begge scenaria.

Intern målstrid kan vera både eit positivt og negativt moment i denne samanhangen. Målstriden kan på den eine sida medverka til generelt styrka medvit om språk og språkutvikling. På den andre sida kan denne interne debatten ta så mykje tid og energi at vi taper det overordna målet av syne.

Vi vil elles nemne at programmet "Typisk norsk" i NRK er eit døme på gode tiltak med tanke på å styrkje medvit om norsk språk generelt i befolkninga.

I høyringsbrevet vert det reist spørsmål om språksituasjonen for personar med framandkulturell bakgrunn bør inngå som eit ansvar for den nye institusjonen. Fylkesmannen er samd med departementet i at dette ansvaret ikkje bør liggja her.

Det skal snart lagast nye læreplanar for grunnutdanninga, jf. St.meld. nr 30 (2003 – 2004) frå Utdannings- og forskningsdepartementet. I dette arbeidet er det viktig at ein for norskfaget legg vekt på å medverka til å styrkje kunnskap og medvit om språkutvikling og språkbruk hos elevane. Også i ev. justering av rammeplanen for barnehagar bør denne dimensjonen styrkjast.

I høgare utdanning er det viktig å styrkje denne kompetansen og gi grunnlag for god språkleg kompetanse, særleg for dei som skal arbeida i grunnplæringa, men også for dei som gjennom yrket sitt blir språklege føredøme, til dømes journalistar og andre med jobb i media. I denne

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fm-ro.stat.no	Langflåtn. 29	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 210 Sentrum	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568941

samanhengen nemner vi at dei ulike nasjonale fjernsynskanalane bør motiverast til å vurdere val av programleiarar nøye i program for barn og unge.

Det nye språkkompetansesenteret bør ha god kontakt med alle departementa, og i særleg grad med UFD.

Endeleg nemner vi at det nye språkkompetansesenteret bør prioritere ein offensiv i høve til IKT, der det er naudsynt at norsk språk vinn att "tapt land".

Med helsing

Tora Aasland
fylkesmann

Svein Helgesen
utdanningsdirektør

*Saksbehandlar: Else Østhus
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 41
E-post: else.osthus@fm-ro.stat.no*